

RH-Nytt 2004:

Intervju med Odin Døssland - - ein av pionerane på Rostadheimen

I stova til Odin Døssland ser eg ein fiolin, ein cello og eit piano; på lemnen ein til fiolin og eit musikkanlegg.

Det var Odin som vart tilkalla for å stå på trappa til Primen og spele «Kanskje kommer Kongen» då Kongen kom og åpna Nye Rostadheimen for sju år sidan. Han var óg ein sjølvskreven gjest då vi i fjor haust feira 40 årsjubileum. Då kom óg fela fram.

Sjølv kom eg til Rostadheimen nokre år før Odin tok fela og fór. Og av alle songar Odin har sunge er det ein som har festa seg sterkare enn andre. Men så er det vel fordi den er knytta til ei heilt spesiell hending i mi tid på Rostadheimen.. Det var midt på 80-talet og buforma var enno meir kollektiv.

Eg budde i Primen og medan eg låg og fødde oppe i andre etasje, vart eg akkompagnert av Odin og arbeidslaget hans nede på bakken. Der hamra og slo dei på stein og song «Nisser og dverge, bygger i berge (...)» Om det var Odin og karane som gjorde fødselen til ein leik skal vere usagt.

Odin var lærar den gongen og det var som nyutdanna lærar han kom til Rostadheimen 12 år tidlegare, i 1974. Han var då 24 år gammal.

- Du kom vel til Rostadheimen i det som kallast pionerepoken?

- *Ja, det kan ein trygt sei. Desse ulike epokane er individuelle frå plass til plass. Ein liten institusjon er gjerne lenger tid i pionerfasen. Det hastar liksom ikkje slik med å komme inn i meir organiserte form-er. Lenge kan ein flyte på idealisme. Og det slåande med pionerane Åslaug og Edvin var at dei greidde å unngå å sementere pionerarbeidet sitt. Dei kunne ha blitt sittande som dei eldre som dominerer og bestemmer over alt og alle. Men det gjorde dei ikkje. Dei slapp oss unge og uerfarne til med det same. Vi stod på like fot frå den dagen vi kom.*

- Kvifor kom du til Rostadheimen?

- *Eg hadde gått Allmenn/biodynamisk linje og året etter pedagogisk linje i Järna. Så måtte eg heim for å ta sivilteneste, og det var Jørgen Smit som tipsa meg om ekteparet Nysæther utanfor Bergen. I juleferien året før besøkte eg fleire plassar. Då eg kom til Rostadheimen visste eg at dette var min plass.*

- Kva var førsteinntrykket ditt?

- *Rostadheimen var lite og familiært. Forutan Edvin og Åslaug møtte eg seks unge menn i alderen 15 - 25 år; Tore, Knut, Gunnstein, Asbjørn, Dagfinn og Steinar. Så var det sivilarbeidaren: den fløyte-spelende kokken, Terje Søreide, læraren Mikal Thomsen og gamle fru Stavenes.*

- Var det lett å få arbeid her?

- *Ja, dei var sjølvsagt interesserte i å få ein person med kjennskap til Steiner-pedagogikk. Men eg måtte ta dei oppgavene som låg og venta.*
- *Og det var?*
- *Eg starta som kokk fordi eg overtok stillinga etter Terje.*
- *Hadde du laga mat før?*
- *Aldri!*
- *Så vart det bønner, linser og urter?*
- *Nei, du kjenner Edvin. Det vart innføring i gode, norske tradisjonsrettar. Det var heimelaga kjøttkaker og andre favorittar, - ispedd litt grønnsaker og ris. Men det kom ei kjapp endring. Då Arild og Annarös Smeby flytta inn i Primen same hausten, overtok Annarös grytene med eit meir alternativt kosthald og kontinentale rettar. Magane til Edvin og ungdommane måtte omstillast! Edvin syntest det var forferdeleg at det gjekk med ein heil kvit-ost til ein middagsrett.*
- *Kva oppgaver låg då og venta?*
- *Gerd Eva kom nokre månader etter meg. Ho overtok stillinga etter Mikal og vart lærar for seks nye elevar som alle kom frå Vestlandsheimen. Det var Bjørg, Gunvor, Torbjørn, Rune, Eva og Reidun. Sjølv vart eg omgjort frå kokk til lærar for dei eldste.. Vi hadde to dagar bakeri og to dagar sløyd, og elles ymse arbeid.*
- *12 bebuarar og 7-8 medarbeidarar?*
- *Ja, og vi måtte ha meir plass. Til jul stod «gamle» Kvarten (riven 1996) ferdig. Kvinten vart bygd som skulehus. Der var enno mykje ugjort, men vi oppførte Rostadheimen sitt første julespel for fa-milie og vener i salen der. Kompaniet sat ikkje på stolar, men på dei umonterte toaletta som stod opplina langs den eine veggen.....*
- *Men så få medarbeidarar? Eg hugsar då eg kom i 1984 at vi ikkje hadde nattevakt i Primen, for vi var mange medarbeidarar som budde der og «passa huset».*
- *Medarbeidarsituasjonen endra seg alt etter nye behov. Det kom etterkvart fleire til. Det var heile tida 1-2 sivil-arbeidarar. Åslaug fekk tilsett ein hjelp-ar i vev-verkstaden sin. Åslaug hadde den formelle styrarfunksjonen. Edvin var styrarassistent og tok i tillegg seg av praktiske gjeremål. Dei var i starten husforeldre i det eine huset. Dei bygde seg eige hus på Seimsmark, men var der berre annakvar helg då dei hadde fri. Etterkvart flytta dei fast til Seimsmark og yngre medarbeidarar budde på Rostadheimen.*
- *Korleis opplevde du Edvin og Åslaug?*
- *Dei var svært ulike, men utfylte kvar-andre både fagleg og sosialt. Edvin var den gemyttlege. Åslaug hadde handle-krafta. Som eg sa opplevde vi unge at vi fekk medansvar med ein gong. Annarös og Arild reiste etter eit år. Så kom Jostein Sæther. På den tida bestemte Edvin og Åslaug seg for å lage eit Arbeidsutvalg der Jostein og eg vart inviterte til å bli med. Som pionerar var ekteparet Nysæther heilt unike.*
- *Åslaug døydde tidleg på 80-talet.*

- Ja, vi hadde mange konfirmantar den våren. Dei hadde ein eigen seremoni og presten vart invitert til middag. Åslaug døydde dagen før. Vi sa ingenting før etter festmåltidet då vi samla alle til ei minnestund.

- Spurde dei ikkje etter henne?

- Ho hadde vore sjuk. Og dei visste at ho var på sjukehus.

- Har du nokre spesielle minne du vil nemne?

- Det må vere alle spela vi hadde. Bård Øvsthus kom også hit som sivilarbeidar og heldt fram som lærar. Han fekk ein ny språkkyndig elev då Reidun flytta. Det var Johnny. Han imponerte Bård og oss alle stort. Og så dette at han slo om til nynorsk så snart han passerte kommune-grensa! Men det var spela. Dei må nok Bård ta mykje av æra for. Vi spelte Peer Gynt, Jeanne d'Arc, Don Quiote og andre verk av tilsvarande kaliber.

Så er det skiturane. Rostadheimen hadde ingen skitradisjon, så vi såg vel ikkje ut som vi var fødde med ski på beina dei første åra. Ein vinter reiste vi til Hålandsdalen Fjellstove. Der var det fine jorde med passe unnarenn. Gunnstein hadde ikkje lært seg svingteknikk, men ein møkkadunge gjorde underverk.... Det må seiast at det var lite snø det året. Møkkadungen var blaut og alt anna enn kvit! Gunnstein skulle i fylgje naturlovene renne rett ned bakken, men stóraugde var vi vitne til at møkkahaugen hadde ei mag-netisk kraft på utforkøyraren. Han tok ein skikkeleg Telemarksving. Det var i-allefall ein sving. Så gjekk det som det måtte gå: Gunnstein på magen i møkka-dungen! Det var eit bløytakræsje vi som såg aldri gløymer.....

- Vi veit at du var med å ta initiativet til det som i dag er Steinerskolen på Skjold, men hadde du ikkje óg ein finger med i spelet i oppstarten av både Bjørk-haug Arbeidsfellesskap og Naboskapet i Vestlivegen?

- Vi var tidleg klar over at vi ville organisere ei arbeidsform for dei eldste. Rostadheimen skulle vere helsepedagogisk. Det nye skulle vere ei spire til noko som kunne vere for dei vaksne. Gjennom hagelaget fekk Edvin kontakt med Regina. Så fekk vi bruke jorda på eigedommen hennar. Regina budde i huset og vart etterkvart begeistra for arbeidet vi la ned. I 1977 grunnla vi Stiftelsen Verdandi og vi fekk kjøpe eigedommen Bjørkhaug.

- Før den store HVPU-reformen gjorde sitt inntog, flytta fire bebuarar i 1985 ut i eigen bustad.

- Ja, vi tok også til å sjå på busituasjon-en for dei eldste, noko som også kom til å høyre under Verdandi sitt arbeidsområde. Gerd Eva og eg budde i ein kommunal to-delt lærarbustad i Vestlivegen. Då kom-munen skulle legge huset ut for salg, kjøpte vi vår del og Verdandi fekk den andre delen. Dermed var prosessen i gang med å skape ei heilt ny buform. Bjørg, Tore, Gunnstein og Steinar flytta frå fellesskapet på Rostadheimen. Eli kom i tillegg, og rundt dei fem var det to bu-einingar i same huset. Og i det vesle huset i bakken, Tobiastårnet, flytta Edvin inn.

Ikkje lenge etter opplevde vi press mot skuletilbudet vårt. Vi fekk ikkje lenger tilsette dei folka vi ville og kommunen råda oss til å få privat skule-status. Helgeseter fekk det same rådet.

Planar om ein ny Steinerskule var i emning og dei tre initiativa slo seg saman. Den Helsepedagogiske skulen fekk raskast godkjenning. Steinerskulen starta i første omgang opp som ein filial til under skulen på Paradis.

- Dermed pakka du fela og forlet Rostad-heimen etter 14 år?

- Ja, det var i 1988. Steinerskolen på Skjold hadde også jubileum i fjor - 15 år - og skulen vår har fått med seg sterke im-pulsar frå det som levde på Rostadheimen den gongen. På min arbeidsplass opplever vi at vi har ein forbindelse til Rostadheimen, at den vesle plassen på Garnes har gitt ein sosial impuls til ting som har kome til seinare.

- Korleis?

- Det sosiale feltet vart det arbeid veldig aktivt med på Rostadheimen. Både kunstneriske aktivitetar og studiearbeid fremmar det sosiale. Vi studerte Bernhard Lievgoed sine sosiale idéar og hadde eigne Rostadheim-seminar leda av Hans Brodal og Stig Pedersen. Brodal var den i Norden som tok opp Lievgoed-impulsen.

Eg opplevde at Rostadheimen aldri vart den mest helsepedagogisk «korrekte» plassen. Hovudvekta låg på den sosiale profilen. Edvin hadde heile tida ei ung-dommeleg kraft som inspirerte til utvikling på det sosiale feltet.

- Eg hugsar sjølv då eg kom hit at det var sterk turbulens mellom enkelte medarbeidarar. Då sa Edvin: «Ja, vi er her for å hjelpe, men vi må ikke glemme at de vi skal hjelpe også er her for at vi som arbeider her skal kunne møtes. Da kan det gå varmt for seg, kan du skjønne.»

- Ja, som eg sa på 40 årsjubileet:

Rostadheimen er ein smeltingel for menneskemøter.

Irén Kleiven